

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 19. august 2019
SAKSHANDSAMAR: Fagdirektør Baard-Christian Schem
SAKA GJELD: **Ny forskning- og innovasjonsstrategi 2020 -2023**

ARKIVSAK: 2019/7934
STYRESAK: **082/19**

STYREMØTE: **05.09. 2019**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret vedtar ny forskning- og innovasjonsstrategi for Regionalt samarbeidsorgan for forskning og innovasjon mellom Helse Vest, Universitetet i Bergen, Universitetet i Stavanger, og Høgskulen på Vestlandet for perioden 2020-2023, slik den er vedlagt saka.

Oppsummering

I forskning- og innovasjonsstrategien 2020-2023 er det definert seks mål som skal leggje til rette for forskning og innovasjon av høg kvalitet samt bringe inn ny kunnskap innan spesialisthelsetenesta sitt virkefelt i dei neste åra.

Administrerande direktør tilrår for styret at forskingsstrategien vert vedtatt slik den er vedlagt saka, med måla 1-6.

Fakta

Strategien vart vedtatt av Regionalt samarbeidsorgan for forskning og innovasjon den 19. juni 2019. Strategien omhandlar samhandlingsområda mellom Helse Vest, Universitetet i Bergen, Universitetet i Stavanger og Høgskulen på Vestlandet (jf. samarbeidsavtalen). Regionalt samarbeidsorgan for forskning og innovasjon har som en del av sitt mandat å utarbeide forslag til felles regional forskning- og innovasjonsstrategi som skal gi retning på oppgåver som ligg innanfor institusjonane sine samhandlingsområder. Strategien skal:

«... gje retning til samarbeidsorganet på oppgåver som ligg innanfor institusjonane sine samarbeidsområder. Den skal fange opp føringar i overordna mål og prioriteringar. Strategien skal vere eit praktisk verktøy for handtering av forskingsmidlane i Helse Vest, og skal gje rammer for tildeling av konkurranseutsette og strategiske midlar, nedfelt i årleg reviderte retningslinjer».

Noverande forskingsstrategi vart utarbeida i 2016, og har vore gjeldande i fire år. Arbeidet med ny forskning- og innovasjonsstrategi starta hausten 2018. Samarbeidsorganet vedtok på møtet i september 2018 å setje i gong ein prosess med ei mindre arbeidsgruppe enn førre runde, der alle medlemmane har bestått av representantar frå samarbeidsorganet, med unntak av ein ekstern representant frå innovasjonsfeltet for å auke fokuset på innovasjon i dei neste åra. Fagdirektør i Helse Vest har leia arbeidsgruppa bestående av to representantar frå helseføretaka (ein representant frå eit stort helseføretak og ein representant frå eit mindre helseføretak), to frå UH-institusjonane, og ein ekstern frå innovasjonsfeltet.

I forslaget frå arbeidsgruppa vart det definert seks mål:

Mål 1: Forsking og innovasjon i Helse Vest skal vere av høg kvalitet og til nytte for pasienten

Mål 2: Forsking og innovasjon i regionen skal vere nasjonalt og internasjonalt konkurransedyktig

Mål 3: Brukarmedverknad i forskning

Mål 4: Samarbeid mellom regionale, nasjonale og internasjonale forskingsaktørar

Mål 5: Innovasjon: Forsking i kombinasjon med innovasjon som bidreg til ny behandling, nye tenester, kunnskapsarbeidsplassar og nytt næringsliv i regionen

Mål 6: Kopling mellom utdanning, forskning, og innovasjon – kunnskapstriangelet

Dei 4 første måla er tilsvaranda med forskingsstrategien 2016-2019. I tillegg har det kome inn to nye hovudmål i strategien: 5. *Innovasjon* og 6. *Kopling mellom utdanning, forskning og innovasjon*. Det er utarbeidd tiltak under kvart av måla for å kunne realisere desse.

Det har vore brei semje både i arbeidsgruppa og i samarbeidsorganet om dei seks måla og tiltaka under i strategien. Status for strategiarbeidet har vore tatt opp som sak i kvart møte i samarbeidsorganet for å sikre god involvering i prosessen.

Forskarutdanning

Ein vesentleg del av Helse Vest sine forskingsmidlar skal gå til forskarutdanning og bygging av forskingskompetanse. Det er ei målsetting å ha spesialistar med forskingskompetanse som er i stand til å halde seg oppdaterte innan eige fagfelt, som kritisk kan vurdere ny kunnskap og ta denne kunnskapen i bruk i den kliniske verksemda. Med ansvar også for spesialistutdanninga av legar, har føretaka og ein strategisk moglegheit til å byggje utdanningsløp som sikrar både spesialitet og doktorgradar tidleg i karrieren.

Konklusjon

Det vert tilrådd at ny forskning – og innovasjonsstrategi for perioden 2020-2023 vert vedtatt slik den er lagt fram i saka til styret.

Vedlegg
Forskings – og innovasjonsstrategi 2020-2023